

Saksframlegg

Saksbehandlar: Anne-Kjersti Stenehjøm, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 18/440-1

Planlegging Vestlandskonferansen 2018 - fylkesråda for eldre

Framlegg til vedtak:

1. Framlegg til program vert godkjent
2. Fylkesrådet ber sekretariatet om å justere programmet i samsvar med dei innspel som kom fram under handsaminga i møte den 6. februar 2018
3. Fylkesrådet ber sekretariatet om å sende programmet og invitasjon til fylkesråda for eldre i Hordaland og Rogaland

Vedlegg:

Program for Vestlandskonferansen 7. – 8. mai 2018

SAKSFRAMSTILLING

Det har vore tradisjon i mange år at fylkesråda for eldre i Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland har fellesmøte for å halde seg fagleg oppdatert og utveksle informasjon.

I 2018 er det fylkesrådet i Sogn og Fjordane sin tur til å arrangere Vestlandskonferansen. Datoen vart fastsett i møte 21. september 2017, sak 11/17, til 7. – 8. mai 2018 i Loen.

Hovudtema for Vestlandskonferansen i 2018 er: velferdsteknologi, ernæring, livskvalitet og erfaringsutveksling mellom fylkesråda. Sjå vedlegg for detaljar i programmet.

Påmeldingsfristen vert sett til 12. mars 2018.